



**Saksprotokoll**

---

**Organ:** **Fylkesutvalet**

**Møtedato:** 13.04.2016

---

**Sak nr.:** 16/257-5  
**Internt I.nr.** 13099/16

**Sak:** 33/16

**Tittel:** **Høyringsutkast - Planprogram for Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018 - 2027**

**Behandling:**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. I medhald av plan og bygningslova vert utkastet til planprogram sendt på høyring slik det no ligg føre.
2. Høyringsfrist vert sett til 27.05.2016

**Endringsframlegg:**

**Kristeleg Folkeparti** sette fram slike framlegg til endring i planprogrammet:

Det bør utarbeidast eige kapittel under 3.6 som fokuserer på viktige trafikkutfordringar for barn og unge.

**Arbeidarpartiet** sette fram slike framlegg til endringar i planprogrammet:

Punkt 4.3 Skredsikring:

Legg til tabelloversikt som viser behov på Fv og Rv i fylket og kva sum som trengs pr år på landsbasis for å nå målet til nasjonal rassikringsgruppe om at det offentlege vegnettet skal vere sikra mot ras i 2030

Punkt 4.1.4 Trafikktryggleik:

Det er ein føresetnad at analysane må omfatte ikkje-fysiske trafikktryggingstiltak jfr. § 40 A i vegtrafikklova

Punkt 4.6.1 Hamner:

Ta vekk distriktsutvikling og sette inn utvikling i andre setning.

**Avrøyting:**

Endringsframlegga frå Kristeleg Folkeparti og Arbeidarpartiet vart samrøystes vedtekne. Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. I medhald av plan og bygningslova vert utkastet til planprogram sendt på høyring etter at følgjande endringar er tekne inn i planen:

**Punkt 3.6 Samfunnsmessige utfordringar og behov**

Utarbeide eit eige kapittel som fokuserar på viktige trafikkutfordringar for barn og unge.

**Punkt 4.1.4 Trafikktryggleik**

Det er ein føresetnad at analysane må omfatte ikkje-fysiske trafikktryggingstiltak jfr. § 40 A i vegtrafikklova.

**Punkt 4.3 Skredsikring**

Legg til tabelloversikt som viser behov på Fv og Rv i fylket og kva sum som trengs pr år på landsbasis for å nå målet til nasjonal rassikringsgruppe om at det offentlege vegnettet skal vere sikra mot ras i 2030.

**Punkt 4.6.1 Hamner**

Ta vekk «distriksutvikling» og sette inn «utvikling» i andre setning.

2. Høyringsfrist vert sett til 27.05.2016